

Noregs vassdrags- og energidirektorat

Dykkar dato: 28.03.14 Dykkar ref.: 201307741-2 kv/hka2 Arkiv: 312 / 016.BD5

FRÅSEGN – Søknad om løyve til overføring av Espelitjønn til Tokke kraftverk i Tokke kommune, Telemark.

Telemark Turistforening (TTF) kjem med følgjande fråsegn og konklusjon vedk. søknad om konsesjon for ovannemde vassdragsregulering:

Miljøverdiane:

Bekkekløftsysteem og influensområde med stort og til dels sjeldan og eineståande biologisk mangfald av både plante- og dyreartar. Kfr. prosjektrapporten om «Dagens situasjon» side 51 – 55.

Ein av dei aller siste sidebekkane langs Tokkeåi som ikkje er drenert inn i tunnelsystemet til Tokke kraftverk.

Viktig referanseområde både landskapsmessig, kunnskapsmessig, botanisk og zoologisk.

Ei viss regulering av Espelitjønn og inntak av Berglibekken i tunnel, som vil føre til sterkt redusert vassføring, til tider i praksis tørrlegging av bekkefare, vil ha store negative konsekvensar for områdets naturmangfald, i serleg grad biomangfaldet.

Friluftslivverdiane:

Tiltaket vil berøre viktige nærtuområde, som er godt tilrettelagt for heilårs friluftsliv. Inngrepa vil føre til betydeleg kvalitetsforringing av turstignettet som er etablert i området, opplevingsmessig, rekreasjonsmessig og visuelt.

Unik brattlinatur i austnorsk samanheng, som kan assosierast med vestlandske opplevingsselement.

Kulturminneverdiane:

Deler av ferdselsvegnettet mellom Dalen og Eidsborgområdet, som vil få negativ influens av tiltaket, representerar viktige kulturminneverdiar, der ein skulle tru at Vest-Telemark Museum i Eidsborg vil ha store bevarings- og utviklingsinteresser.

Merknad:

Ein er kjent med at NVE har sagt nei til å gje konsesjon for samanliknbare mindre vasskraftutbyggingsprosjekt andre stader, og føreset derfor likebehandling av alle utbyggingsinteressentar.

Konklusjon:

Ut frå ovannemde påpekningar, meiner Telemark Turistforening at det ikkje bør gjevast konsesjon til dette planlagte og omsøkte tiltaket, og heller ikkje til eventuelle omarbeidde og modifiserte planar og søknader om løyve til regulering av Espelitjønn og endring av Berglibekken naturlege vassføring.

Med helsing

Telemark Turistforening
Utval for natur og miljøvern
Jon Ingebretsen
leiar
tlf 481 01 435